

Symfoniske bilete

2009

Billett nr. 001

Vaksne 200 kr, born (under 15 år) og honnør 150 kr

Årdalshallen, Øvre Årdal 7. mars kl. 18.00

Kulturhuset, Sogndal 8. mars kl. 17.00

Medverkande

Sogn og Fjordane Symfoniorkester – SOFORK

Dirigent: Helge Haukås

Solist: Thomas Røgeberg, marimba

Rekruttskulen i Sogn og Fjordane

Instruktørar: Leyeune Avdal, Jorunn Reina og Miriam Førde

I Årdal: Øvre Årdal Janitsjarkorps, dirigent Helge Øren

I Sogndal: Sogndal Musikklag, dirigent Bjørn Gisle Seter

Program

Årdal

Bestillingsverket «Dåm» Jan Roger Øren

Sats 3 – «Utlå»

Sats 5 – «Huldredans»

Sogndal

«Michigan State» Howard E. Akers

«Song From a Secret Garden» Rolf Løvland

Arr. Idar Torskangerpoll

Solistar:

Robert Kvam, flygelhorn

Frode Saue, euphonium

«Fum Fum Fum»

Trad. / arr. Chip Davis

SOFORK

Ouverture frå

Giacomo Rossini

«Barberaren i Sevilla»

Marimbakonsert, sats 1

Darius Milhaud

(solist Thomas Røgeberg)

SOFORK i samspel med korpset

Giuseppe Verdi

Triumfmarsj frå «Aida»

PAUSE

SOFORK med dansarar frå Rekruttskulen i Sogn og Fjordane

Modest Mussorgsky/ Tableaux d'une Exposition

(Bilete frå ein utstilling) Maurice Ravel

Promenade (Vandring mellom bilda)

I. Gnomus (Gnomen)

Promenade

II. Il vecchio castello (Den gamle borga)

Promenade

III. Tuileries (Kringel mellom ungar som leiker i ein hage)

IV. Bydlo (Oksekjerre)

Promenade

V. Ballet des Pousins dans leurs Coques (Kyllingbalett)

VI. Samuel Goldenberg und Schmuyle (Ein rik og ein fattig jøde)

VII. Limoges – Le Marché (Marknaden i Limoges)

VIII. Catacombæ (Katakombene)

IX. La Cabane sur des Pattes de Poule (Hytta til hekse Baba Yaga)

X. Le Grande Porte de Kiew (Den store porten i Kiev)

Symfoniske Bilete



Her får publikum oppleve Sogn og Fjordane symfoniorkester - SOFORK i samarbeid med 20 unge dansarar frå Årdal, Lærdal, Luster, Sogndal, Leikanger og Førde. Dansarane kjem frå rekruttskulen for Sogn og Fjordane. Hovudverk er «Bilete» frå ein utstilling av Modest Mussorgsky i Maurice Ravel si orkestrering. Der vil de få oppleve dans i alle

former som klassisk-, samtids-, improvisasjons- og dramadans. Det vert til og med ein original dans frå 1871, «Kyllingbaletten», av Marius Petipa frå Bolshoiteateret i Moskva. Verket er scenesett og instruert av Leyeune Avdal, Jorunn Reina og Miriam Førde.

Vi ynskjer å presentere vår dyktige slagverkar Thomas Røgeberg. Han er tilsett som distrikts-musikar i Gloppen sidan 1998 og har studert ved Musikkonservatoriet i Stavanger og Nordjysk musikk-konservatorium i Aalborg, Danmark. Thomas vil spele noko så uvanleg som ein konsert for marimba og orkester. Vi får høyre 1. sats frå Darius Milhaud sin marimbakonsert. Marimba er eit stort melodisk slagverksinstrument med trestavar i ulik storleik (som de kan sjå på plakaten vår).

Under framsyninga i Årdalshallen i Øvre Årdal laurdag 7. mars medverkar Øvre Årdal Janitsjarkorps og i Sogndal kulturhus søndag 8.3 samarbeider vi med Sogndal musikklag. Korpsa kjem til å innleie framsyninga med ein eigen avdeling og møter SOFORK i Triumfmarsjen frå operaen «Aida» av Giuseppe Verdi. I Årdal kjem vi til å høyre 2 satsar frå bestillingsverket «Dåm» komponert av Jan Roger Øren, sats 3. «Uta» og sats 5 «Huldredans».

SOFORK er Sogn og Fjordane sitt eige symfoniorkester med oppstart i 2004, og har hatt Helge Haukås som dirigent og kunstnerisk leiar sidan starten. Den største produksjonen for SOFORK hittil var «Carmina Burana» i 2007. SOFORK kjem til å starte sin avdeling med å framføre Giacomo Rossini si vakre og leikande overture til «Barberaren i Sevilla».